

Årsmelding Helgheim sokneråd 2024



Kyrkja vår er gamal, men har ein tidsretta bodskap

Ho har plass til oss både når vi feirar godt, og ved livstap.

Kyrkja har plass til både gudstenester, konserter og kyrkjekaffiprat.

Dei som formidlar i kyrkja gjer ein strålende jobb

Preiker, songar, framsyningar, musikk frå orgel, piano og kornett.

Ein kan kose seg i benkane rett og slett.

Så ei oppfordring til alle må vere, prøv å i kyrkja av og til vere.

Vidare i årsmeldinga skal de få vite, vi har ikkje gjort reint lite.

HELGHEIM SOKNERÅD okt. 2023-okt.2027

vara:

- | | |
|-------------------------------------|----------------------------|
| - Hildegunn Huus leiar | Camilla Klakegg |
| - Bjørn Anders Steinsund, nestleiar | Brita Maria Distad |
| - Aud Førde | Kjellaug Bromseth |
| - Norvald Nedrebø | Astrid Olina Indrebø Sunde |
| - Steinar Dvergsdal | Erna Dvergsdal Krøke |
| - Marit Oddrun Vallestad | Prosten i Sunnfjord |
| - Sokneprest Silje Sørebø | |

Medlemmer til Sunnfjord kyrkjelege fellesråd frå 2023 -2027

Steinar Dvergsdal , Bernt Kjøsnes	vara: Hildegunn Huus vara: Inger Johanne Klakegg	Helgheim sokn Ålhus sokn
--------------------------------------	---	-----------------------------

Valde til styret for Skei misjonshus:

Vidar Feldt Gerd Sunde Førde	personleg vara: Solveig Bolseth personleg vara. Kari Skrede
---------------------------------	--

Rådet sitt arbeid

Helgheim sokneråd har handsama 38 bokførde saker.

Vi har handsama 32 bokførde fellessaker i lag med Ålhus sokneråd.

Av saker i 2024 Reine Helgheim soknerådssaker nemner vi:

- Kulturkveldar i samarbeid med Jølster litterære folkeakademi
- Generasjonsgudsteneste, eller song mot haust
- Vedlikehald i og omkring Helgheim kyrkje
- Parkområde ved vatnet (har stått litt i stampe, men er under arbeid)
- Arbeid med antependium og frontalar til lesepult og prekestol (gåve)
- Styrke arbeidet i kyrkjelyden, speidalar, barnegospel, torsdagssklubb m.m.
- Offertildelingar (sum offer går ned)
- Nytt grindbygg ved vatnet.
- Konserter i kyrkja (sjå under musikalsk arbeid)
- Dugnadsarbeid.
- Hjelp til planting på graver.
- Konfirmantjubileum for 50 års konfirmantar.
- Toalettforholda ved kyrkja.
- Garasje/lagerbygg ved kyrkja brann ned.

Felles saker for begge sokneråda i Jølster.

- Minnelund/minnelundar, sette i gong arbeid.
- Prestesituasjonen
- Gudstenesteplan.
- Konfirmantfest
- Plan for konfirmantarbeid og trusopplæring.
- Trusopplæringsarbeidet.



Faste saker kvart år: årsmelding, rekneskap, møte- og gudstenesteplanar, budsjett, offertildeling, fasteaksjon, 50-årskonfirmantjubileum, søknader om støtte, løyvingar til frivillig arbeid m.m.

Når det er 50-årskonfirmantane har dei sjølve det praktiske arbeidet med mat og sosial samling. Helgheim sokneråd syter for ei nemnd av konfirmantane, som organiserer jubileet. Soknerådet syter for kyrkjekaffi. I 2024 var det konfirmantjubileum 8.september for dei som var konfirmantar for 50 år sidan. Sjølv om ein flytta konfirmasjonane til våren for 50 år sidan, held vi på å ha jubileum om hausten inn til vidare. Grunnen er at det skjer mykje i kyrkja om våren. Men vi får sjå etter kvart.

Årsmøte i 2024 for arbeidsåret 2023 var i Helgheim kyrkje

Årsmeldinga vart lagt ut i kyrkja og på kyrkja si heimeside og på forretningar på Skei

ARBEIDET I SOKNET

Det har vore ca to gudstenester i månaden i Helgheim kyrkje. Vi har mange ulike typer gudstenester, både i kyrkja, i grendahus og ute. Mange av desse gudstenestene er godt besøkte. Årsstatistikken viser at deltakarane på gudstenestene på søn- og helgedagar har auka frå 2023 til 2024. Ein god auke etter koronaen. Det er også positivt at mange deltek i alle kyrkjene uansett sokn.

Soknerådsmedlemmer stiller som kyrkjevert på gudstenestene. Dei har delt ut salmebøker til dei vaksne og teiknesaker til borna, konfirmantane deltek og med dette. Etter dei aller fleste gudstenester har det vore kyrkjekaffi. Konfirmantforeldre og soknerådsmedlemmer har stått for kakebaking og servering.

Klokkartenesta og kyrkjetenarjobben ved gudstenester er no slått saman. Solrunn Dvergsdal og Karen Elise Erikstad delar på jobben med kyrkjeter og klokker ved gudstenestene. Arman Beyer vaskar og støvsugar.

Ved dåpsgudstenestene har fadrane eller familiemedlemmane delteke aktivt i gudstenestene, bl.a. med skriftlesing. Jølster har gode musikk- og songkrefter, og dei har vore nytta både i gudstenestene og i eigne arrangement (sjå kyrkjemusikalsk arbeid). Konfirmantane er medhjelparar ved gudsteneste i løpet av konfirmanttida. Dei deltar blant anna i evangelieprosesjon og eventuelt ved forbøna eller nattverdsutdeling og hjelper kyrkjevertane

Av gudstenester med spesielt inviterte, eller med litt annleis preg, kan nemnast:

- Familiegudstenester i samband med trus opplæringstiltak (sjå nedanfor under trus opplæring)
- Gospelkveld i Helgheim kyrkje i februar og i oktober.
- Familiegudstenste på Skei misjonshus (etterfulgt av basar – 110 frammøtte ved gudsteneste)
- Gudsteneste før jul og påske for Skei skule
- Samtalegudstenesta for konfirmantane både i Ålhus sokn og Helgheim sokn er lagt fast til Vassenden kyrkjesenter. Like etter gudstenesta lagar sokneråda, i samarbeid med foreldra til fjarðarkonfirmantane og soknepresten, til fest for konfirmantane.
- Konfirmasjonsgudstenesta
- Utegudsteneste Dvergsdalsstøylen 2. pinsedag
- Friluftsgudsteneste med folkemusikk i Kjøsneshogen i juli .
- Olsokgudsteneste i Movika i samarbeid med Førde .
- Generasjonsgudsteneste i august med kyrkjekaffe i midtgangen og Silje vart takka av som sokneprest.
- Gudsteneste med konfirmantpresentasjon
- Familiegudsteneste med utdeling av 4 års bok og 6 års bok.
- Minnegudsteneste på helgemessesundag med invitasjon til pårørande til dei som har vore gravlagd sidan sist helgemesse, for første gong hadde vi ei felles minnegudsteneste for heile Jølster. Dette året var den lagt til Helgheim kyrkje.
- Lysmesse med konfirmantar og speidararar 1. søndag i advent
- Adventsgudsteneste i Førs 2. søndag i advent
- Julaftangudsteneste



Elles kan det nemnast at det har vore opa kyrkje og tidebøn på Vassenden kyrkjesenter kvar tysdag frå slutten av oktober. Tidebøna har vore kl. 11, med ein kort liturgi (gjerne bøner som vert lesne som vekslesing og lesing frå Bibelen) og orgelmusikk. Her har vi m.a. teke for oss Johannesevangeliet og driv no på med å lese Lukasevangeliet. Vi har også hatt kaffi/te med noko attåt, i etterkant av tidebøna, med fast innslag av diktlesing v/ Anne Helene Eide.

Brann garasje på Helgheim

Då det vart bygd ny E39 langs kyrkjeeigedomen på Helgheim, vart det bygt eit nytt uthus/garasje på den nye parkeringsplassen ved kyrkja. Bygget var på 49 m². 29. november 2024 brann bygget ned til grunnen. Heile bygget og alt som var inne i vart øydelagt. Mellom det gravemaskin, grasklypparar og mykje anna utstyr. Det er inga oppklaring i kva som er brannårsaka.

Bygget og inventar var forsikra. Likevel ser det så langt ut til at ein vil få eit vesentleg mindre oppgjer for maskiner og utstyr enn det det kostar å kjøpe nytt. Vi har ein dialog med forsikringsselskapet om dette.

Ein ting er sikkert. Vi skal ha oppatt eit nytt bygg og vi skal skaffe nytt utstyr, slik at kyrkja og anlegget rundt skal halde fram å vere velstelt og verdig. Steinar Dvergsdal er sterkt engasjert.

Kyrkjemusikalsk arbeid

I mars var det Gospelkveld i Vassenden kyrjesenter. Vi var denne gongen heldig å få besøk av Ten Sing frå Førde. Dei hadde innslag til start, midt i og til Postludium.

Kjekt med ungdommeleg frisk song og engasjement. Songane var denne gongen utvida til internasjonale salmar, i tillegg til Gospel- og Spitiuals.

Folk frå heile Sunnfjord fekk med seg denne songsamlinga.

Søndag 17. november var det også Gospelkveld i Helgheim. Her var konfirmant/songelev Aksel Roko Eide med og hadde eige innslag. Ei korgruppe hadde førebudd og øvd på dei ulike songane som mest var frå Gospel- og Spiritual-tradisjonen.

Carsten Langeland hadde innslag med saksofonspel knytta til andakten og som intro til ein av songane!

I konfirmasjonane i mai var det innslag av solist og ekstra musikk.

Som tidlegare år stilte Cathrin Hjelle Søvde og Anne Turid Taklo velvillig på saman med organisten. Konfirmantforelder Tor Ivar Flatjord var med å utvikle det musikalske mangfaldet, der han spelte gitar ved fleire innslag i konfirmasjonen i Helgheim kyrkje.

Dette gjer vi gjerne ved fleire høve.

Konfirmantane stilte opp med korsong. Flott at dei gjer det på denne spesielle dagen i livet!

Jølster Barnegospel hadde sin vårkonsert på Skei misjonshus den 30.mai.

Mykje fin song og songglede

I september var det jubileum for landslova etter Magnus Lagabøter på Åhus.

Mykje program der song og musikk var ein viktig del.

I anledning dette vart gode mannsongkrefter frå heile Jølster hyra inn som Munkekor.

Mykje øving, men med godt resultat.

Kyrkjekonserten i Åhus laurdagen, og på jubileumsgudstenesta i Åhus søndagen var lokale songarar med. Mellom dei Jølster barnegospel med sin dirigent Gerd Sunde Førde. Dei song m.a. på Latin! - med Magnus-hymnen frå 1200-talet.

I oktober i høve «Jazz på Jølst» der gudstenesta dette året var lagt til Vassenden, fekk vi gode musikalske krefter på besøk.

Her stilte Anita Nordheim opp med solosong- og flott saksofonspel saman med pianist Harald Dahlstrøm.

Det svinga godt i gudstenesta då alle gode songkrefter lot seg rive med i musikken.

Samme søndagen, den 13. oktober var det avslutningskonsert i høve jasshelga, med Iver Kleive og Knut Reiersrud i Helgheim kyrkje, på ettermiddagstid.

Ei velstappa kyrkje med publikum frå nær og fjærn fekk ei musikalsk oppleveling av dei

sjeldne. Orgelet i Helgheim var i denne anledninga forsterka med mikrofonar, og fekk med det ein ekstra Boost – som Iver Kleive uttrykte det. Han var godt nøgd med orgelet og tykte det var presist, og at det høvde godt til programmet med Reiersrud.

I desember var det også fleire konserter i kyrkjene, med tilreisande og lokale aktørar – fleire av dei har gjort det til tradisjon å ha konsert i Jølster i adventstida.

Torsdag 5. desember i Skei misjonshus var det invitert til konsert med Jølster barnegospel. Dei song det meste av repertoaret dei har øvd på i haust, inklusiv nokre advent- og julesongar. Alt leia og bunde saman av Gerd Sunde Førde, og med Rune på piano til.

Siste søndagen før jul, den 22. desember var det tid for den tradisjonelle julekonserten for heile Jølster. Nytt i år var deltaking av Skei skulemusikk. Vi gler oss over at dei er ein del av musikklivet i Jølster! SkeiVass-koret stod som arrangør, der dei deltok med to avdelingar. Stardalen Mannskor song to songar saman med organisten på orgel frå galleriet. Allsong og solistinnslag elles var det også. Ein fin markering rett før julehøgtida stod for døra.

Den 11. desember, var nokre frå Jølster Barnegospel med på konsert i Førde. Dei song til to julesongar saman med artisten Alexandra Rotan på Larris scene. Eit flott oppdrag for dei unge.

24.august var det konsert i Helgheim kyrkje med Østerlide trio, som tolka folketonar, ein fin konsert som passe godt i kyrkja.

Til jul kunne folk gå på Spotify og høre lokale aktørar. Sevrine Søgnesand har sunge inn to songar, og lagt dei ut på Spotify. Far til Sevrine, Ragnvald Søgnesand, har stått for lydopptaket av dette. Vi hører Jølster Musikklag og orgelet i Helgheim kyrkje med organist Rune Molvik. Songane er «Mitt hjerte alltid vanker» og «Den tapte akkord».

Anna arbeid/ andre arrangement i regi av soknet

- Kirkens nødhjelps fasteaksjon i april vart gjennomført som dør til dør aksjon. Kontakt for Kirkens Nødhjelp: Marit Vallestad

- Andakter/Nattverdsgudstenester på omsorgssenteret på Skei. Kvar fyrste og tredje tysdag i månaden. Vikarprest Reidar Knapstad, Rigmor Frøyen (sokneprest i Naustdal) og sokneprest i Jølster har byta på dette. Kantor er med kvar gong. Frivillige stiller opp for å hjelpe dei eldre med å komme seg til og frå andakten og for å hjelpe til under andakten. Dette er til svært god hjelp.
- Sokneråda i Jølster arrangerte kyrkjelydstur til Gulatinget og Eivindvik kyrkje i høve jubilem for kristenretten og landslova. Takk til Steinar Dvergsdal som hadde initiativet og Astrid og Vidar Feldt som var turleiarar.
- I samband med den store landslovsfesten på Ålhus var kyrkja i Jølster medarrangør og det var mange fine arrangement som gjekk for fulle hus. Blant anna to kyrkjekonserter: «Draumkvedet» og «Landet du gav oss»
- Kulturarrangement i samarbeid med Jølster litterære folkeakademi : «Den vanskeligste kjensla» samtale med tonefylgje. Song ved Aksel Roko Eide og Erlends Os. Samtale mellom Silje Sørebø og psykolog Guro Rekkedal Årdal.

- Julevandring for Skei og Stardalen barnehage før jul. Prest besøkte barnehagene i forkant av julevandringa.
- Julietrefest Skei misjonshus 3.juledag
- Sokna i Jølster har misjonsprosjekt gjennom Stefanusalliansen i Egypt (Stefanusbarna og Anafora). Her støttar vi blant anna barnehagar og skuler i slummen i Egypt og utdanning og kurs for ungdom.
- Helgheim sokn er Grøn kyrkjelyd. Som kyrkje er vi kalla til å vere gode forvaltarar av skaparverket, noko som i vår kyrkjelyd m.a. kjem til uttrykk ved at vi:

Vi markerer Skaparverkets dag og andre gudstenester i undring og takksemd over skaparverket.

Vi sorterer avfall, men det må vi bli bete på, spesielt frå kyrkjegarden.

Vi brukar mindre mengde papir ved gjenbruk av programhefte.

Vi deltek i fasteaksjonen til KN.

Vi har eit grønt misjonsprosjekt.

Vi går på pilgrimsvandring med konfirmantar og engasjement for skaparverket som eit tema på Lys Vaken.



Arrangement i regi av andre

Østerlide trio

Jazz på Jølst Kleive/Reiersrud

SkeiVasskoret

Julekonsert med Julesong frå Sogndal

Julekonsert med Kvitre frå Førde

Den tradisjonelle julekonserten der fleire aktørar frå kommunen deltek gratis og inntekta går til Kirkens Nødhjelp.

Soknerådet vil takke alle aktørane for flott konsert og flott innsats.

TRUSOPPLÆRING/ BARNE- OG UNGDOMSARBEID

Kontinuerleg arbeid:

Torsdagssklubb på misjonshuset på Skei annan kvar torsdag frå kl. 17.30-18.45. Gerd Sunde Førde, Vidar og Astrid Feldt er leiarar. På torsdagsklubben blir borna kjent med ei bibelforteljing og vi syng mykje. Vi har også ein formingsaktivitet, frukt og tid til litt leik. Konfirmantar gjer ein god jobb når dei hjelper til. Det har vore 17 samlingar inkl. juletrefesten. Snitt fast oppmøte vår 18 born og haust 13 born. Det har vore innom heile 55 born i løpet av året. **Soknerådet vil takke Astrid, Vidar og medhjelparar for flott innsats.**

Speidargruppe på Skei (Jølster KFUK-KFUM-speidrarar). Gruppeleiar er Åse Britt Eide Øygard og nestleiar er Nils-Einar Kjøsnes. Andre leiarar er Svein Årdalsbakke, Mona Skaiå Årdalsbakke, Dagrun Thingnes, Kari Skrede, Øyvind Skrede, Karl Martin Loe Reed, Stian Årdalsbakke. To ungdommar, frå russegruppe har vore lønna av trusopplæringsmidlar for hjelpe til på speidarmøta. I tillegg er 2 andre vaksne med som hjelpeleiarar av og til. Foreldre og rovarar er også med å hjelpe til på nokre møte. Speidargruppa på Skei har no ca. 60 born i alderen 10-18 år, og 10 medhjelparar. Speidargruppa har også i år hatt eit aktivit år. Misjonshuset vert brukt til møte innandørs, og til lagerplass for utstyret til gruppa. Onsdag er fast møtedag, men er også på overnattingsturar og andre turar i løpet av året.

Soknerådet vil takke alle for flott innsats.

Barnegospel er eit tilbod for 3. – 7 klasse. Gerd Sunde Førde dirigerer og Rune Molvik akkompagnerer på piano. Dei har øvingar annakvar onsdag etter skuletid på musikkrommet på skulen. **Soknerådet vil takk Gerd og Rune for flott innsats.**

Barnegospel på Skei har hatt 15 øvingar i løpet av året. I tillegg har vi hatt 2 felesøvingar med vassendarane. I mars song heile koret på Basar på Skei misjonshus, og i april song koret på påskesamling på Vassenden kyrkjesenter. I mai song borna frå Skei på 17.mai og heile koret hadde vårkonsert den 30.mai.

På hausten song heile koret under Landlovsjubileet i Åhus kyrkje den 29.september, og koret hadde sin eigen julekonsert 5.desember. I tillegg deltok koret på Musikklaget sin julekonsert den 8.desember, og på Alexandre Rotan sin julekonsert i Førde 11.desember. Deretter tok koret ein vel fortent juleferie!

På våren var det med ca 15 born frå Skei-området, på hausten var det 11 born.

Samla medlemmer i koret per desember 2024 var 15 born.

Til slutt: Det kontinuerlege barne- og ungdomsarbeidet er svært viktig for kyrkjelyden og for nærmiljøet. Leiarane legg ned ein formidabel innsats og mange av dei har stått i dette arbeidet gjennom lang tid. Både speidargruppa og torsdagssklubb/ søndagsskule kunne gjerne hatt fleire leiarar. Om du sjølv kunne tenkje deg dette eller kjenner andre som kunne vore utfordra, må du gjerne ta kontakt.



Tidsavgrensa tiltak

Takka vere eit aktivt trusopplæringsutval har vi dette året fått gjennomført alt av planlagte tiltak i trusopplæringsplanen. Alle born i alderen 0-11 år har fått ein invitasjon til minst eitt trusopplæringstilbod dette året.

Prest har gjennomført dåpssamtalar med alle dåpsforeldre. Alle døypte får dåpslys og dåpsplakat. Dåpsforeldre får ei fin dåpsminnebok som gavet frå kyrkjelyden. I kyrkja står det eit dåpstre, der vi heng opp ei lita tredue for kvart barn som blir døypt. Dette er ei påminning til kyrkjelyden om å be for barna, og dua vil seinare bli gitt tilbake til barnet.

Det var invitert til babysong på Vassenden kyrkjesenter både på våren og hausten. Det er alltid nokon som kjem (ca 6 i snitt?), men oppmøtet litt varierande og få frå Skei-området dette året. Erlend Os har spelt til mange av samlingane. Solveig Magnhild Lesto har stått for kaffi og mat ved babysong heile året. Ein stor takk til ho som har gjort dette i fleire år.

I starten av november inviterte vi alle 2 og 3 åringar i Jølster til 2og 3 års-samling med dueslepp på Vassenden kyrkjesenter med drama om Berta og Bestemor og kveldssongar og bøner. Borna som enda ikkje hadde fått tilbake duen sin, fekk hente denne no og alle fekk kvar sin sprelleengel med kveldsbøner på. Etter samlinga i kyrkjerommet var det lunsj og leik. Ei hyggeleg samling.

Samlingane for fireåringane i Jølster med utdeling av 4-årsbok hadde Helgheim og Åhus kvar for seg. I Helgheim var laurdagssamling på Skei misjonshus og gudsteneste med bokutdeling på søndagen.

Alle 5-åringane i Jølster vart invitert til hausttakkefest på speidarplassen på Skei der dei fekk utdelt matboksar med «O du som metter liten fugl» og plakat med ulike bordbøner. Etter gudstenesta var det utlodding til inntekt for speidaren, og høve til grilling og natursti.

Gudstenestene med bokutdeling til 6 åringane hadde Helgheim og Åhus kvar for seg. I Helgheim sokn hadde 6- åringane ei samling i forkant på Skei misjonshus etter skuletid. Søndagen etter var det familiegudsteneste med bokutdeling i Helgheim kyrkje (samtidig som 4 års bok)

6- og 7-åringane fekk innbyding til juletrefest på Skei misjonshus

Påskesamlingar for 8-åringar: Barna vart invitert til to samling etter skuletid på Skei misjonshus og deretter palmesøndagsgudsteneste i Helgheim kyrkje med utdeling av Barnesalmeboka.

Tårnagenthelga for alle 9-åringar i Jølster er stasjonert i Helgheim kyrkje. Tårnet, kyrkjeklokken og kyrkja sin bursdag er sentralt i opplegget som går over to dagar, laurdag og søndag.

Kode B: 10-åringane vart invitert til to kvardagssamlingar på Skei misjonshus, og utdeling av «Actionbibelen» i familiegidsteneste i Helgheim kyrkje.

Lys Vaken: 10- og 11-åringar frå heile Jølster vart invitert til Lys Vaken leir (frå laurdag kl.16 – til etter gudsteneste søndag) på Vassenden kyrkjesenter midt i november i samarbeid med speidargruppa. Det var 20 påmeldte, men ikkje så mange frå Skei som det har pleid å vere. Speidarleiarar og trusopplæringsutval bidrog som leiarar i lag med ungdom frå russegruppe. . Barna bidrog i gudstenesta og hadde utlodding med gjenbruksgevinstar på kyrkjekaffien etter gudstenesta. Inntektene gjekk til kyrkjelydens grøne misjonsprosjekt i Egypt

Soknepresten har hovudansvar for konfirmantane. Etter at Silje slutta som sokneprest i september, har bispedømmet hyra henne inn for å halde fram med konfirmantane i fravær av fast sokneprest. For konfirmantkullet som skulle konfirmerast i 2024 var det på våren klubbkveldar, konfirmantleir på Alværa i lag med konfirmant frå Naustdal, fasteaksjon, samtalegidsteneste og konfirmantfest og konfirmasjonar i begge kyrkjene. Dette kullet har også hatt eit tilbod etter konfirmanttida med konfirmanttreunon i juni i prestegardshagen på Ålhus i lag med Naustdal. Stort frammøte på dette. Vi prøvde å invitere til nyttårsleir for dette kullet på Alværa ilag med Naustdal og Førde. Det var i utgangspunktet mange påmeldte. Dessverre måtte vi likevel avlyste fordi mange av ungdommane meldte seg av like før.

I august (som i dei tre tidlegare åra), veka før skulestart, vart det arrangert introkurs for nye konfirmantar. På dette kurset hadde Silje med seg ungdomsprest i Sunnfjord, Fredrik Brattvik noko av tida og sommarvikar frå Danmark noko av tida . Konfirmantane frå Helgheim og Ålhus var samla på dagsid gjennom fire dagar. Dei var to dagar Vassenden kyrkjesenter, ein dag i Helgheim kyrkje og ein dag var dei på pilegrimsvandring frå Årdalen til Ålhus kyrkje. I løpet av hausten var konfirmantane inviterte til tre klubbkveldar på Vassenden kyrkjesenter. Ungdommar frå ei russegruppe har vore med som leiar i lag med Silje og foreldre har bidrege på kjøkkenet. Fjordårskonfirmantar har også vore innom. Det har vore leigd sal i hallen på Vassenden, slik at konfirmantane har vore der på starten nokre av kveldane. Så har dei etterpå gått til kyrkjesenteret for måltid, før ein har avslutta med samling i kyrkjerommet. I tillegg til klubkveldane var konfirmantane i oktober på konfirmantfestival på Sande. Denne festivalen er i regi av prostiet/KFUK-KFUM og er ny av året.. Her møtte dei eit ungdomsteam frå bispedømmet («samanteamet») og farmen presten Thor Haavik, og dei kunne delta i mange ulike aktivitetar og var med på globallopp. Alle konfirmantane var også samla til lysmesse 1. søndag i advent i lag. Elles har konfirmantane vore medhjelparar ved gudstenester og ved barneklubb på Vassenden kyrkjesenter og på Skei misjonshus. No denne våren 2024 ventar m.a. fasteaksjon, klubkveld i Naustdal og konfirmantleir på Alværa i lag med Naustdalkonfirmantane.

Vi har stort sett ganske god oppslutnad om trusopplæringsstiltaka, men vi ser at tiltak som er felles for heile Jølster oftare har lavare oppmøte prosentvis.

Trusopplæringsutvalet, dei to kyrkjelydspdagonene, soknerådsmedlemmer, prest, kantor, ungdommar frå russegruppe, føresette, besteforeldre og frivillige har teke del i trusopplæringsarbeidet og konfirmantarbeidet. Ein stor takk til alle som har bidrege, og spesielt til medlemmene i trusopplæringsutvalet som har gjort ein stor innsats med å gjennomføre ulike tiltak.

Representantar i trusopplæringsutvalet frå Helgheim sokn er Camilla Klakegg, Karen Elise Erikstad, Silje Sørebø, Rune Molvik og Gerd Sunde Førde.

Soknerådet vil takke for stor innsats.

Skei Misjonshus

Misjonshuset er viktig for det frivillige arbeidet i soknet og er i praksis Helgheim sokn sitt kyrkjelydshus. Soknerådet vel to medlemmer til styret, med to vararepresentantar.

I 2023 var dette Vidar Feldt, med vara Solveig Bolseth og Gerd Sunde Førde med vara Kari Skrede. Svein Årdalsbakke er leiar i styret for Skei misjonshus. Huset vert nytta til møter for soknerådet/råda

Skei Misjonshus er ein 40 åring i god stand og har fine fasilitetar til det arbeidet som vert gjort i soknet, som ein ikkje kan gjere i kyrkja.

Informasjonsarbeid

«Det skjer» i Firda. Her legg vi inn gudstenester og annan aktivitet i Kyrkjene i Jølster. Eit lite utdrag kjem i papiravisa. Bruk Firda si nettside, »Det skjer» dersom du har den, » der står det alt vi skriv inn.

Vi må også bruke andre kanalar for å nå ut til folk med kva som skjer i kyrkjene, aktivt.

Hyrdingrøysta vil framleis vere ein viktig kanal, ilag med plakatar, nettside og facebooksida.

Sekretær Toril /eller webansvarleg for Sunnfjordkyrkja Joy Taylor sørger for at nettsida kyrkja.no/jolster og kyrkja.no/sunnfjord er oppdatert. Sekretær Toril og kyrkjelydspedagog Silje oppdaterer Facebooksida (kyrkjene i jolster) sekretær lagar og heng opp plakatar på oppslagstavler.

Men det er også viktig at soknerådsmedlemmer og andre i kyrkjelydane er med å gjøre arrangementa kjent og dele på facebook og andre aktuelle informasjonskanalar.

Hyrdingrøysta

Redaksjon: Hildegunn Huus og Ingrid Søyland.

Soknerådet vil takke for godt utført arbeid. De gjer ein kjempejobb med å tenkja ut stoff, få villige personar til både å skrive og delta med ulike innslag.

Sunnfjord kyrklege fellesråd har teke over rekneskapen til Hyrdingrøysta.

Økonomien i bladet er bra. Framleis er det få i høve til kor mange som får bladet, som betalar frivillig kontingent. Det har vore til god hjelpe at mange har vore villige til å køyre rundt i grondene og leggja bladet i postkassane. Har på den måten spart utgifter til porto. Dette tiltaket er med å sikre økonomien til bladet. Hyrdingsrøysta er viktig for å gjøre kjent det ein gjer i og for kyrkja.

Tusen takk til dykk for denne viktige dugnaden.



Statistikk

Helgheim sokn	2024	2023	2022	2021
Innmelde i kyrkja	1	0	0	1
Utmelde av kyrkja	0	2	0	1
Døypte	10	9	13	12
Døypte heimehøyrande i soknet	7	3	10	8
Vigde	1	4	5	3
Gravlagde	12	15	9	22
Konfirmerte	15	16	9	7
Tal gudstenester søn- og helgedagar	27	26	29	24
Deltakarar på gudstenester søn-og helgedagar	2268	1984	2098	1290
Gudstenester med nattverd	18	25	13	7
Nattverdsgjester	423	367	330	142
Familiegudstenester	7		5	5
Deltakarar	527		542	262
Julevandring for barnehagane	1	1	1	0
Deltakarar		50	50	0
Skulegudsteneste	2	1	1	0
Deltakarar	345	135	200	0
Musikkgudstenester /konsert lokale aktørar	1	1	1	2
Deltakarar	164	250	270	120
Offer / kollekt i kyrkja	71615	84211	74754	64539

Rekneskap Helgheim sokn 2024

Rekneskap og notar Helgheim sokn 2024

Rekneskapsskjema – driftsrekneskapen:

Regnskapsskjema - Driftsregnskapet	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjar
Inntekter				
1 Brukerbetaling, salg, avgifter og leieinntekter	15 619	10 000	10 000	8 075
2 Salg av driftsmidler/fast eiendom	-	-	-	-
3 Refusjoner/overføringer	-	2 500	2 500	3 010
4 Kalk. inntekt ved komm. tj.ytingsavtale	-	-	-	-
5 Statlige tilskudd	-	-	-	-
6 Tilskudd fra rettssubjektet Den norske kirke	-	-	-	-
7 Rammeoverføring/tilskudd fra egen kommune	-	-	-	-
8 Tilskudd fra soknets organer	8 000	8 000	8 000	8 000
9 Andre tilskudd, gaver, innsamlede midler	104 532	95 582	95 582	126 710
10 Sum driftsinntekter	128 151	116 082	116 082	145 795
Utgifter				
11 Lønn og sosiale utgifter	-	-	-	-
12 Kjøp av varer og tjenester	28 057	35 500	35 500	33 408
13 Refusjoner/overføringer	2 394	7 000	7 000	6 529
14 Kalk. utg. ved komm. tj.ytingsavtale	-	-	-	-
15 Tilskudd og gaver	59 366	71 982	71 982	83 298
16 Sum driftsutgifter:	89 817	114 482	114 482	123 235
17 Brutto driftsresultat:	38 334	1 600	1 600	22 560
18 Renteinntekter og utbytte	60 090	46 000	46 000	44 225
19 Mottatte avdrag på utlån	-	-	-	-
20 Renteutgifter og låneomkostn.	-	-	-	-
21 Avdrag på lån	-	-	-	-
22 Utlån, kjøp av aksje, andeler o.l.	-	-	-	-
23 Netto finansinntekter/-utgifter	60 090	46 000	46 000	44 225
24 Avskrivninger	-	-	-	-
25 Motpost avskrivninger	-	-	-	-
26 Netto driftsresultat	98 424	47 600	47 600	66 785
Interne finansieringstransaksjoner:				
27 Bruk av udisponert fra tidl. år (mindreforbruk)	-	-	-	19 844
28 Bruk av disposisjonsfond	-	-	-	-
29 Bruk av bundne fond	1 950	-	-	-
30 Sum bruk av avsetninger	1 950	-	-	19 844
31 Avsatt til dekning fra tidligere år (underskudd)	-	-	-	-
32 Avsatt til disposisjonsfond	-	-	-	17 777
33 Avsatt til bundne fond	65 175	47 600	47 600	68 851
34 Overført til investeringsregnskapet	-	-	-	-
35 Sum avsetninger	65 175	47 600	47 600	86 629
36 MERFORBRUK / MINDREFORBRUK	35 200	-	-	-

Rekneskapsskjema – balanserekneskapen:

BALANSE	Regnskap 2024	Regnskap 2023
EIENDELER:		
A - Anleggsmidler		
Faste eiendommer og anlegg	-	-
Utstyr, maskiner og transportmidler	-	-
Utlån	-	-
Aksjer og andeler	-	-
B - Omløpsmidler		
Kortsiktige fordringer	12 319	510
Aksjer og andeler	-	-
Sertifikater	-	-
Obligasjoner	-	-
Kasse, bankinnskudd	2 010 992	1 902 150
C - SUM EIENDELER:	2 023 311	1 901 640
EGENKAPITAL OG GJELD:		
D - Egenkapital		
Disposisjonsfond	327 616	327 616
Bundne driftsfond	1 625 651	1 562 426
Ubundne investeringsfond	-	-
Bundne investeringsfond	-	-
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK (investering)	-	-
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK (drift)	-	-
Regnskapsmessig mindreforbruk	35 200	-
Regnskapsmessig merforbruk	-	-
Udisponert i investeringsregnskapet	-	-
Udekket i investeringsregnskapet	-	-
Kapitalkonto	-	-
Gjeld		
E - Langsiktig gjeld		
Ihendehaverobligasjonslån	-	-
Sertifikatlån	-	-
Andre lån	-	-
F - Kortsiktig gjeld		
Kassekredittilånt	-	-
Annen kortsiktig gjeld	34 845	11 599
G - SUM EGENKAPITAL OG GJELD:	2 023 311	1 901 640
Memoriakonti		
Ubrukte lånemidler	-	-
Andre memoriakonti	-	-
Motkonto for memoriakontiene	-	-

Notar til rekneskapen Helgheim sokn 2024

Soknet sitt rekneskap er ført i samsvar med Forskrift om økonomiforvaltning i sokn i Den norske kirke fastsett av barne- og familidepartementet 08.12.2020 og god kommunal rekneskapsskikk.

1. Fond

Spesifikasjon over samla avsetninger og bruk av avsetninger i rekneskapsåret, samla og for den enkelte fondstype.

	Disposisjonsfond	Bunde driftsfond	SUM: 2 024
Saldo pr 01.01:	327 616	1 562 426	1 890 041
Avsetninger	-	65 175	65 175
Bruk av avsetninger	-	1 950	1 950
Korrigering av tidlegare års avsetjingar	-	-	-
Saldo pr 31.12:	327 616	1 625 651	1 953 266

2. Strykningar

Føretakne strykningar av vedtekne avsetninger/bruk av fond, overføring drift/investering samt inndeckning meirforbruk , jf. § 17

Det er ikkje utført strykningar i 2024, rekneskapet er avslutta med ein mindreforbruk på 35 200 kroner.

3. Kapitalkonto

Samanfattande oversikt over transaksjonar som er ført mot kapitalkontoen i løpet av rekneskapsåret.

Det er ikkje ført noko på kapitalkonto.

Førde, 21.02.2025

Rekneskapsansvarleg
Marius Bjørvik Solheim


Kyrkjeverje

Sissel Vartdal

REKNESKAP 2024

Syner til «Rekneskap og notar Helgheim sokn 2024». Samla sett vart rekneskapen for 2024 gjort opp med eit samla overskot/mindreforbruk på **35 200**

Inntektene på linje 1-10 er summert til 128 151. Dette er litt høgare enn budsjett.
Utgiftene på linje 11-16 er summert til 89 817. Desse er lågare enn budsjett.
For 2024 hadde vi eit brutto driftsresultat på 38 334, altså eit overskot.

Dette overskotet auka med 60 090 når renteinntektene vart lagt til, denne inntekta er synleg i linje 18 i rapporten. Slik vart det eit netto driftsresultat på 98 424 (linje 26).

Mellom linje 26 og 36 ligg bruk og avsetnad til balansen (fond). Renteinntekter er sett av på bundne fond. Med det blir det samla overskotet/mindreforbruket til slutt på 35 200.

Soknerådet har vedteke at dette overskotet vert sett på soknet sitt disposisjonsfond.

Side 2 i rekneskapsskjemaet, punkt C, syner situasjonen for sokneråda sine fond:

- Disposisjonsfond: 327 616 (før overføring av overskot frå 2024)
- Bundne driftsfond: 1 625 651 (etter overføring av renteinntekter)



Tilsette: Sokneprest Silje Sørebø til 01.09.24, frå 01.10.24 Geir Sørebø

Tilsette: Sunnfjord kyrkjelege Fellesråd

Sissel Vartdal	Kyrkjeverje
Ingvar Vagstad	Driftleiar for Bygg og Drift

Ålhus og Helgheim sokn:

Rune Molvik	Kantor
Helge Årdal	Driftsjef /kyrkjetenar 90%
Gerd Sunde Førde	Trusopplærar i 20%
Silje Sørebø	Kyrkjelydspedagog 20% frå 01.09.24
Andrine Lundekvam	Trusopplærar 1-årvíkarat til 01.06.24
Aman Beyene	Kyrkjetenar Ålhus sokn, og reinhaldar i kyrkjene
Karen Elise Erikstad	Klokkar og kyrkjetenar Helgheim sokn
Solrunn Dvergsdal	Klokkar og kyrkjetenar Helgheim sokn
Stina Kjos Sunde	Klokkar Ålhus sokn til 01.04.24
Magne Kvinge	Kyrkjetenarvikar i Ålhus sokn, og ved vigsel og konsertar i Helgheim kyrkje)
Toril Øye	Sekretær i Jølster 40%

Sluttord og Vyer.

Arbeid med å få ny prest til Jølster.

Eit viktig arbeid som både soknerådet og prosten arbeider med, er å få ny prest til Jølster. Det er Bjørgvin Bispedøme og prosten som har største ansvaret, men vi må alle hjelpe til det vi kan.

Vi er alt godt i gong med kyrkjeåret som startar 1. søndag i advent 2024. Gudstenestene er sentrale i arbeidet, men for å få folk til gudstenester må ein bli kjend med det kyrkjelege arbeidet på andre måtar og.

Aktivitetane som vi har hatt i gong dei siste åra er i godt gjenge, takka vere flittige og dyktige frivilljuge og tilsette.

Soknerådet sitt mål må vere og minst halde oppe den aktiviteten som er og gjerne putte på med litt meir. Men soknerådet treng å få innputt frå alle andre.

Som de ser i oppsummeringa er det forslag om samtalekveldar.

Skulle vi prøvd med ein song og lett trim kveld i kyrkja.

Prøve å bruke merkedagane i året litt aktivt i kyrkja.

Kyrkja er god til konserter og bør nyttast til det om ein greier å få økonomi i det.

Kyrkjekviss?

Tek med nokre utfordringar biskopen gav oss som er aktuelle utfordringar kvart år.

- Gå til gudsteneste regelmessig, fordi det er der de hører til, fordi de treng å høyra evangeliet sagt til dykk, og for å gje Gud ære!
- Styrk og hald oppe det trusopplæringsarbeidet de no har.
- Forkynn fram gjevargleda!

Helgheim sokneråd vil rette ei stor takk alle som har arbeidd i soknet dette året, både dei tilsette og dei som legg ned eit stort frivillig arbeid.

Vi opplever at kyrkja betyr mykje for mange.

Takk for all omsut og forbøn for kyrkja og kyrkjeleg arbeid i Helgheim sokn.

For Helgheim sokneråd

Hildegunn Huus

Bilete med motiv frå Bibelen



Gåve frå Ivar Helgheim.

Design Elsa Norunn Håheim Nydal
Produksjon Jølster Design AS